

Referat frå styremøte nr. 1-2024

Dato: 26. januar 2024

Tid: kl. 10.00-12.00

Stad: Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund, United Future Lab Norway i 6. etasje.
Møtet var tilrettelagd for deltaking på Teams.

Til stades frå styret:

Ved fysisk frammøte:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)
Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)
Styremedlem Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)
Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune)
Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)
Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)

Digitalt via Teams:

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes

Andre:

Bodil Haugen Våge, leiar av samarbeidssekretariatet i Helsefelleskap Møre og Romsdal
Trond Arne Rossi Aglen, kommunedirektør i Herøy kommune (følgde møtet på Teams)

Referent:

Vegard Austnes

Sak 1/24: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Det var ein presentasjonsrunde i styret. Styreleiar viste til at Sunnmøre regionråd sitt slagord er «Utvikling gjennom samarbeid».

Møteinnkallinga vart godkjend.

Saker til eventuelt var:

1. Frå styremedlem Håkon Lykkebø Strand: Uttale for oppgradering av den ulykkesutsette E39, Solevågseidet-Breivika, og fylkesveg 61 Sulesund - Solevågseidet.
2. Frå styremedlem Ann-Kathrin Storøy: Ruteendring på hurtigbåt frå Hareid, kutt av første avgang kl. 04.55 frå 1. januar 2024.
3. Frå styremedlem Sølvi Dimmen: Fylkesveg 60 må ikkje dette ut av fylkeskommunalt budsjett.
4. Frå styremedlem Terese Jemtegård Moen: Uttale om beredskapsferje i Valldal.

Sak 2/24: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 5-23

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 5-23 vart godkjend.

Sak 3/24: Rekruttering av ny dagleg leiar

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Dagleg leiar orienterte i styresak 35/23 om at han ønskjer å pensjonere seg med tentativ sluttdato 1. september 2024. Jf. selskapsavtalen for Sunnmøre regionråd § 8 vert ny dagleg leiar tilsett av representantskapet etter tilråding frå styret.

Styreleiar viste til kuttlista i Ålesund kommune og kommunedirektøren sitt framlegg om å melde Ålesund kommune ut av Sunnmøre regionråd. Styremedlem Håkon Lykkebø Strand sa at fleire kommunar vurderer å melde seg ut av Sunnmøre regionråd, og at det bør drøftast på neste representantskapsmøte (22. mars) om ein treng ein dagleg leiar.

Lykkebø Strand presiserte at Ålesund kommune ønskjer eit samarbeid med kommunane på Sunnmøre, men at ein må sjå på mogleghetene for å finne ein rimelegare måte å organisere det interkommunale samarbeidet. Han sa at det kan kome signal frå Ålesund kommune etter kommunestyremøtet 8. februar, men at avgjersla kan bli utsett avhengig av signal frå andre kommunar.

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy sa at også Herøy kommune vurderer å melde seg ut av Sunnmøre regionråd.

Styreleiar peika på at Sunnmøre regionråd er det største regionrådet i Noreg målt etter talet på deltakande kommunar (15), og at det har vore brukt mykje ressursar på å bygge opp dette samarbeidet.

Styret konkluderte med at styreleiar Vebjørn Krogsæter, styremedlem Sølvi Dimmen og styremedlem Monica Molvær vert styret sitt arbeidsutval når det gjeld vidare arbeid med rekruttering av dagleg leiar fram mot neste styremøte (15. mars). Arbeidsutvalet skal sende førespurnad til 3 konsultentselskap om tilbod på rekrutteringsoppdraget, men ikkje skrive kontrakt med nokon på grunn av usikkerheita om framtida til Sunnmøre regionråd.

Kravspesifikasjon for stillinga som dagleg leiar er ikkje utarbeidd. Det vil skje i samarbeid med den som vert valt som konsulent for eit eventuelt rekrutteringsoppdrag.

Sak 4/24: Arena Sunnmøre 2024

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Jf. styresak 46/23 vert Arena Sunnmøre 2024 arrangert 9. februar 2024 (kl. 09.00- 15.30) på Color Line Stadion i Ålesund. Temaet for Arena Sunnmøre 2024 er framtidsbilete om helse- og velferdstenester i kommunane.

Målgruppa for arrangementet er formannskapa, ordførarane, kommunedirektørane og kommunalsjefane for helse- og velferd i deltakarkommunane. Mørebenken på Stortinget og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er invitert til møtet.

Programmet for Arena Sunnmøre er utsendt til deltakarkommunane.

Frå styret vart det kommentert at framtidsbilete om helse- og velferdstenestene i kommunane er eit viktig tema.

Sak 5/24: Orientering om arbeidet i Helsefellesskap Møre og Romsdal

Ved leiar av samarbeidssekretariatet i Helsefellesskap Møre og Romsdal Bodil Haugen Våge

Våge viste til at Helsefellesskap Møre og Romsdal er forankra i samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane i fylket. Revidert samarbeidsavtale skal handsamast i kommunane hausten 2024.

Nasjonalt er helsefelleskap etablert for å møte utfordringane i samhandlinga mellom kommunar og helseføretak.

Våge peika på at kommunane må øve seg på å stå enno meir samla når det gjeld kva tilbod ein skal ha i kommunane og korleis dialogen med helseføretaket skal vere. Ho viste til NIVI-rapporten Interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal (jf. styresak 9/24).

Våge tok opp korleis ein kan forankre rolla si (fagleg, administrativt og politisk) når ein arbeider interkommunalt i helsefelleskap. Helsetenester er eit krevjande og komplisert område.

Styreleiar kommenterte at det er viktig at kommunane samlar seg om helsetenester og at kommunane har felles interesser. Regionråda har her ei rolle i dag.

Våge sin presentasjon følgjer vedlagd.

Sak 6/24: Sonderingsmøte om samarbeid om samferdsel i Møre og Romsdal

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

På initiativ frå NHO Møre og Romsdal var det rett i etterkant av Nyttårkonferansen 5. januar 2024 eit sonderingsmøte mellom ulike organisasjonar om samarbeid om samferdsel i Møre og Romsdal. Mellom anna deltok NHO, LO, dei interkommunale politiske råda i Møre og Romsdal og kommunane Ålesund, Molde og Kristiansund.

Bakgrunnen for at saka kom opp i styret er at Sunnmøre regionråd har fått spørsmål om korleis ein stiller seg til eit slikt samarbeid.

Styret slutta seg til eit framlegg frå styreleiar om å vere opne for eit samarbeid som nemnt ovanfor, men at saka må må tilbake til styret før ein eventuelt kan gje tydelegare signal enn det.

Sak 7/24: Drøftingssak om ordførersamling i Sunnmøre regionråd

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styret drøfta om Sunnmøre regionråd skal arrangere ei ordførersamling der temaet er å bli kjent og få kunnskap om korleis ein kan samarbeide for å få gjennomslag for viktige regionale saker.

Styret konkluderte med at ein vil prøve å få til ei slik ordførersamling før sommaren, helst i mai.

Sak 8/24: Eventuell ordførartur til Oslo og Stortinget i april/mai 2024. Drøftings sak i styret

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret drøfta om Sunnmøre regionråd skal arrangere ein ordførartur til Oslo og Stortinget i april/mai 2024 med omvisning på Stortinget, møter og middag om kvelden.

Det kom signal i styremøtet om at ein heller ønskjer å prioritere å få til ei ordførarsamling på Sunnmøre, jf. sak 7/24.

Sak 9/24: Vurdering av om Sunnmøre regionråd skal ta tak i utfordringane med interkommunale samarbeid som vart presentert under Nyttårskonferansen 4.-5. januar 2024

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Geir Vinsand i Nivi Analyse AS har utarbeidd ein rapport om interkommunalt samarbeid på oppdrag frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. For å møte samfunnsutfordringar vert det i rapporten teke til orde for eit breiare og meir oversiktleg organisert interkommunalt samarbeid.

Vinsand anbefalar fire faste kommuneregionar som grunnlag for samarbeid om teneste- og samfunnsutvikling. Han peikar i rapporten på regionråda som naturleg arena for strategiske diskusjonar.

Vinsand viser til at det på prioriterte tenesteområde kan etablerast fylkesinitiativ med sikte på utvikling av fylkesdekkande samarbeid, f.eks. innan barnevern, NAV, regionalt plankontor, felles økonomikontor eller felles tildelingskontor for helse- og omsorgstenester.

Frå styret vart det kommentert at det i dag ikkje er mange interkommunale samarbeid mellom kommunar på Sunnmøre og i Romsdal. Det vart stilt spørsmål ved om Sunnmøre regionråd skal utvikle slike samarbeid.

På søre Sunnmøre er det i dag interkommunalt samarbeid gjennom Sjustjerna. På nordre Sunnmøre vil Ålesund kommune sjå på eit utvida samarbeid om tenester saman med nabokommunane innan Region Ålesund.

Styret konkluderte med å ta opp att diskusjonen på neste styremøte.

Sak 10/24: Møteplan 2024

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Administrasjonen i Sunnmøre regionråd har sendt ut invitasjon til følgjande møter i 2024:

Representantskapsmøter (kl. 10-14): 22. mars, 14. juni, 25. oktober og 6. desember

Styremøter (kl. 10-12): 26. januar, 15. mars, 24. mai, 20. september og 1. november

Styret konkluderte med å halde på desse møtedatoane.

Sak 11/24: Val av representant til styret for Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Jf. vedtektene for Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF skal medlem med personleg vara frå regionråda veljast etter forslag frå regionrådet.

Signy Starheim er leiar av valkomite for Ålesund kommune og er den som skal motta forslaget til representant med vara. Valkomiteen ønskjer å få innspel frå Sunnmøre regionråd innan utgangen av januar, slik at ein kan få gjort det formelle valet i Ålesund kommunestyre 8. februar.

Frå Sunnmøre regionråd er det desse som sit i styret som er på val: Jan Ove Tryggestad med Harry Valderhaug som vara.

Styret drøfta saka, både med omsyn på kjønnsbalanse og geografisk balanse.

Vedtak: Lena Landsverk Sande erstattar Jan Ove Tryggestad, og Harry Valderhaug held fram som vara.

Sak 12/24: Eventuelt

1. Frå styremedlem Håkon Lykkebø Strand: Uttale for oppgradering av den ulykkesutsette E39, Solevågseidet-Breivika, og fylkesveg 61 Sulesund - Solevågseidet.

Frå styret vart det peika på at uttalen bør vise til Sunnmøre regionråd sitt høyringsvar til Møre og Romsdal fylkeskommune i samband med Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036. Lykkebø Strand sender justert uttale til styreleiar for kommentarar.

Styret rakk ikkje å handsame dei andre sakene som vart melde til eventuelt.

Administrasjonen bad om å motta e-post om kvar av sakene for vidare oppfølging.